

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Videomøte 998290
MØTETIDSPUNKT: 29.09.2022, kl. 15.30 – 17.30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Clara Beate Gram Gjesdal	Medlem
Helle Kristine Schøyen	Medlem
Ola Jøsendal	Medlem
Hilde Fossmark Helvig	Medlem
Siri Bergsholm Bjørhovde	Medlem
Ragnhild Winum	Medlem

FORFALL FRÅ STYRET

Clara Beate Gram Gjesdal gjekk ut av møtet kl. 17.00.

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Administrerende direktør
Ola Rye	Økonomidirektør
Berit Beate Berntsen	HR- og org. direktør
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør
Bernt Flekke	Kommunikasjons- og marknadsdirektør
Tonje Folkvang	Prosjektleder (ROMLE) – deltok under sak 21/22 pkt. 1
Grethe Bjørndal	Kontorsjef (referent)

OPEN DEL**Sak 19/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Oppsummering**

Deltakarar deltok på videosamband på oppsett videomøte.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner innkalling og dagsorden.

**Sak 20/22 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF
08.06.2022****Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 08.06.2022

Sak 21/22 Administrerande direktør si orientering, pkt. 1-2. Pkt. 3 vart behandla under lukka del.**Oppsummering**

1. Status risikoområde legemidler (ROMLE)
2. Føretakssamling i Sjukehusapoteka Vest HF

Adm.direktør og prosjektleiar ROMLE orienterte og svarte på spørsmål om pkt. 1.

Kommunikasjons- og marknadsdirektør informerte om pkt. 2.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek informasjonen til vitande.

Sak 22/22 Årsplan Styret 2023**Oppsummering**

Styret ber administrasjonen snarast mogleg sjå nærere på tid og stad for møte 08.06.2023, og samordne dette med styremøte i HV IKT som finn stad same dag.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner Årsplan 2023 med datoar for styremøter 15.03.2023 (videomøte), 08.06.2023 (møte i Bergen), 28.09.2023 (videomøte) og 07.12.2023 (videomøte).

**Sak 23/22 Oppnemning av medlemmer til valstyre for Sjukehusapoteka Vest HF
2023****Oppsummering**

I samsvar med forskrift til helseføretakslova vart det gjennom denne saka oppnemnd

representantar til valstyret. Sjukehusapoteka Vest HF har 3 arbeidstakarorganisasjonar med rettar i høve til Hovudavtala. Dei har historisk nominert to representantar til valstyret. Arbeidstakar sin representant vart utnemnt i leiarmøte 13.09.2022.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Sjukehusapoteka Vest utnemner valstyre beståande av:

- *Linda Baug Tjore (leiar/tilsettere representant meld inn av FF/Parat)*
- *Marit Ceselie Svendsen (nestleiar/ tilsettere representant meld inn av NFF)*
- *Berit Beate Berntsen (arbeidsgjevarrepresentant, HR- og org. dir)*

Valet i Sjukehusapoteka Vest koordinerast med tilsvarende val i Helse Vest.

Sak 24/22 Retningslinje for Brukarutval i Sjukehusapoteka Vest HF

Oppsummering

I møte 17.03.2022 slutta styret i Sjukehusapoteka Vest HF seg til oppretting av Brukarutval i Sjukehusapoteka. Administrasjonen har utarbeid Retningslinje for Brukarutvalet basert på «Veileder for brukermedvirkning i helseforskning i spesialisthelsetjenesten» i Helse Vest. I retningslinje for Sjukehusapoteka Vest er bl.a. nedfelt at Brukarutvalet skal ha 5 medlemmer og 4 varamedlemmer. Brukarutvala i sjukehusføretaka sender inn forslag til medlemmer. Styret oppnemner medlemmene etter framlegg frå administrerande direktør.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner Retningslinje for Brukarutval i Sjukehusapoteka Vest HF.

Sak 25/22 Retningslinjer for leiarløn i Sjukehusapoteka Vest HF

Oppsummering

Retningslinje for leiarløn blei vedteken av styret i Helse Vest 20.04.2022. I vedtaket føreset ein at styra i HF-a legg tilsvarende prinsipp til grunn i retningslinje for leiarløn i helseføretaka i Helse Vest. Retningslinjene skal bidra til å oppnå føretaket sitt mål, samstundes som offentlege midlar blir nytta effektivt. Retningslinjene skal og gi styret tryggleik for at godtgjeringsordningane ikkje er urimelege, ikkje gir uheldige verknader for føretaket eller svekker føretaket sitt omdømme.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner Retningslinjer for leiarløn i Sjukehusapoteka Vest HF.

Sak 26/22 Økonomisk langtidsplan 2023-2027 – oppfølging og konsekvensvurdering

Oppsummering

Helse Vest ber føretaka om å gjennomføre tiltak for å sikre at ein når resultatkravet for

2022 og at tiltaksplanen må føljest opp av føretaksstyra. Føretaka vert og bedne om å følge opp ØLP, og gjere ei vurdering av konsekvensar av at ikkje alle investeringar kan gjennomførast slik dei er planlagde.

Sjukehusapoteka Vest (SAV) har etablert handlingsplan for resultatforbetring for 2022 og har til oppfølging Økonomisk langtidsplan for perioden 2023-2027 (ØLP). Det kom innspel frå styret at administrasjonen må sjå nærare på utjevning av likviditetskurven, med føremon om å auka likviditetsreserven til gjennomgåande å utgjere 2 gonger det som til eikvar tid utgjer totale månadlege lønsutbetalingar i Sjukehusapoteka Vest. Dersom endeleg ØLP i Sjukehusapoteka viser at det er naudsynt med større endringar eller omprioriteringar, ber styret om å få seg førelagt planen før denne vert send til eigar.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek oppfølging av økonomisk langtidsplan for perioden 2023-2027 til vitande.

Sak 28/22 Eventuelt

Oppsummering

Under Eventuelt informerte nestleiar Olav Godtfred Klausen om at han vil gå ut av stilling som administrerande direktør i Helse Fonna, og difor fratre styret i Sjukehusapoteka Vest frå og med 2023.

Skriv og meldingar

1. Signert *protokoll frå føretaksmøte i Sjukehusapoteka Vest HF* 01.06.2022
2. Brev av 13.06.2022 frå Helsedirektoratet til Helse Vest RHF om *Informasjon om endringer i helsepersonelloven, pasient- og brukerrettighetsloven mv.*
3. Brev av 23.06.2022 fra Helse- og omsorgsdepartementet til Helse Vest RHF om *Oppdragsdokument 2022 – tilleggskdokument etter Stortingets behandling av Prop. 115 S (2021-2022)*
4. Brev av 15.08.2022 frå Sjukehusapoteka Vest HF til Helse Vest RHF om høyringssvar – *Nasjonale faglege råd om digital heimeoppfølging*
5. Brev av 15.08.2022 frå dei fire sjukehusapotekaføretaka til Helsedirektoratet om høyringssvar – *Veileder til forskrift om rekvirering og utlevering av legemidler fra apotek mm.*

LUKKA DEL

Møte blei lukka etter jf. Offentleglova §23.1 og Helseføretakslova §26a (2) nr. 4

Sak 21/22 Administrerande direktør si orientering, pkt. 3

Oppsummering

3. Oppfølging/informasjon – alvorleg hending i Sjukehusapoteket i Bergen (2020)

Adm.direktør og styreleiar orienterte og svarte på spørsmål.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek informasjonen til vitande.

Sak 27/22 Verksemdsrapport per august 2022

Oppsummering

Rapporten er lagt fram for styret.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapport frå verksemda per august 2022 til vitande.

Styret sitt kvarter.